

Reviderte retningslinjer for deling av landbrukseigedom i Øystre Slidre kommune

Vedtatt i kommunestyre, 25.04.2024

1. Deling av landbrukseigedom (Jordlova § 12):

1.1: Ved deling av landbrukseigedom skal det leggast vekt på om delinga legg til rette for ein tenleg og variert bruksstruktur i landbruket. I vurderinga inngår mellom anna omsynet til vern av arealressursane, om delinga fører til ei driftsmessig god løysing, og om delinga kan føre til drifts- eller miljømessige ulemper for landbruket i området.

I desse vurderingane skal ein ta omsyn til:

- Arealfordeling: dyrka og overflatedyrka jord, innmarksbeite, skog, utmark og eventuelle rettar.
- Alle bygningane på eigedommen
- Kvoter

Andre omsyn kan vektleggast dersom dei fell inn under formålet i jordlova § 12.

Når summen av ressursane på garden som blir søkt delt blir vurdert å gje grunnlag for økonomisk drift av eigedomen, skal delingar normalt nektast dersom 1.2 ikkje gjev grunnlag for deling.

1.2: Det skal leggast stor vekt på om ei deling av ein eigedom vil bidra til å styrke bruket eller bruka som skal overta areala gjennom å vurdere:

- Arronderingsgevinst
- I kva grad tilleggsarealet vil styrke grunnlaget for framtidig drift på bruket/bruka.
- Om det er aktiv landbruksdrift på kjøpareigedomen og planar for vidare drift

2.Kva kan delast frå

I Øystre Slidre er det fleire gardar som består av fleire matrikkeleiningar. Dette har gjedne sitt opphav i at fleire små gardar etter tid har kome på same eigarhand. For å dele oppatt desse landbrukseigedommane må ein søke om deling, sjølv om det er separate gards- og bruksnummer. Ved frådelling av matrikkeleining som er så liten at den ikkje vil vere drivverdig åleine kan følgjande tillatast:

- Heile matrikkeleininga skal slåast saman med nærliggande landbrukseigedom
- Ved eventuell deling av urasjonelle landbrukseigedommar kor jordbruksarealet har vore dreve ved bortleige og danna andre landbrukseigedommars driftsgrunnlag, må dette omsyntakast.
- Tun kan frådelast til bustad, medan tilhøyrande jord og rettar blir overført til nærliggande landbrukseigedom. Ved sal av gardar til andre landbrukseigedommar har dette resultert i at ein landbrukseigedom består av mange tun, noko som gir ei veldig stor bygningsmasse å vedlikehalde. Ein erfarer at det endar med at dette fører til lite vedlikehald. Om delinga fører til at det blir fleir enn to bebygde tun, er ein utgangspunktet positiv til frådelling av tun.

Frådeling av kårhus: Frådeling av kårhus som ligg i nærleiken til tunet, i nærleiken av dyrka mark eller der tilkomstveg går gjennom gardstunet på eigedommen skal normalt ikkje godkjennast. Søknad om oppføring av ny kårbustad der tidlegare kårbustad er delt i frå, skal ikkje tillatast.

Frådeling av tomter til bustadformål: I omsynssoner for landbruk skal det først ein streng jordvernpraksis. Bruk av dyrka eller dyrkbar mark til bustadformål skal normalt nektast. Dette gjeld også areal med høgt biologisk mangfald. Det same gjeld tomter som ligg på andre markslagstyper når vegen dit går gjennom gardstunet eller over dyrka eller dyrkbar mark, eller gir andre vesentlege drifts- og miljøulempar. Utanfor omsynssonene kan det gjevast løyve til frådeling av tomt til bustad dersom det ikkje fører til større negative konsekvensar for landbrukseigedommen og landbruket i området generelt.

Frådeling av tomter til fritidsformål: Tomter til fritidsformål blir normalt ikkje godkjent når det ikkje er i samsvar med planstatus. Det skal først ein streng dispensasjonspraksis.

Frådeling av festetomter: Om det ikkje fører til vesentlege driftsmessige ulemper og er i samsvar med planstatus kan oppretta festetomter, både til bustad og fritidsformål, delast i frå.

Frådeling av stølar:

Øystre Slidre er ein aktiv stølskommune. Handsaming av delingsøknader skal bidra til å sikre kommunen som ein aktiv stølskommune, og det er ikkje ønskeleg at støslaga skal utvikle seg til hyttegrender. Frådeling /omdisponering av stølsbygg til fritidshus skal difor handsamast restriktivt, spesielt ved høg kulturmiljøindeks og sentral plassering i stølslaget. Det skal vere strengt regulert i område med aktiv drift og beitedyr.

Stølar kan delast frå dersom frådelinga bidreg til sal av resten av gardsbruket eller at resten av gardsbruket vert lagd til landbrukseigedomar i aktiv drift og betrar ressursgrunnlaget for desse bruka. Når støl med bygningar og tun blir frådelt til fritidsformål skal jorda leggest til eit stølsnabobruk. Ved frådeling til fritidsformål skal tomtestorleiken normalt ikkje kunne vera større enn 1 dekar. Den praktiske delinga kan utførast av Jordskifteretten. Held garden fram som sjølvstendig bruk blir det heller ikkje gitt løyve til frådeling av støl.

Stølar som ligg i statsallmenninga må også handsamast etter fjellova. Etter deling er det fjellstyret som avgjer status på stølen.